



Fylkesmannen i Vestland

Opplæring innanfor kriminalomsorga 2018

Tilstandsrapport

Fylkesmannen i Vestland, 2019

Kopiering er ikkje tillate utan etter avtale med den som har opphavsretten

Formgjeving omslag: Herrene Grimstad & Skogen AS, herrene.com

Layout: Allkopi Netprint AS

TILSTANDSRAPPORT 2018

Fagfornyng, fylkeskommunesamanslåing, samarbeid på tvers av etatar, glippsoner på vegen frå fengsel til samfunnet. Dette er store, nasjonale prosessar som i 2018 har fått følgjer for opplæring innan kriminalomsorga. Nokre av prosessane er innan opplæringsfeltet, mens andre kjem som del av omfattande strukturelle endringar eller satsingar på tvers av sektorar.

Med denne rapporten vil Fylkesmannen i Vestland (FMVL) peike på nokre trekk ved utviklinga innan opplæring i kriminalomsorga i 2018. Vi vil òg løfte nokre tema som krev merksemd i tida framover.

Vi tar utgangspunkt i desse tre tema:

1. Elevtal, elevmasse, utdanningsval
2. Koordinerte tenester og samarbeid
3. Opplæring innanfor kriminalomsorga i tida som kjem

For ein generell og utdjupande oversikt over status innan opplæring kriminalomsorga viser vi til tal og visualisering på www.oppikrim.no.

Organisering av opplæring innanfor kriminalomsorga

I følgje internasjonale konvensjonar skal ingen nektast rett til utdanning. Retten til opplæring og utdanning er den same for innsette i fengsel som for andre borgarar i Noreg. Fylkeskommunane er fagleg og administrativt ansvarlege for utdanning i fengsel. Lokale vidaregåande skoler har det praktiske ansvaret for opplæringa. Fylkesmannen i Vestland har det nasjonale koordineringsansvaret for all opplæring innan kriminalomsorga.

I samarbeid med kriminalomsorga er det fylkeskommunane som organiserer og driv opplæring innanfor kriminalomsorga i sitt fylke, jf. opplæringslova § 13-3 i samsvar med Utdanningsdirektoratet (UDIR) sine retningsliner om tilskott til fengselsundervisning. Det øyremerkte tilskottet skal bidra til å dekkje kostnadane fylkeskommunane har til opplæring innanfor kriminalomsorga. Kvar fylkeskommune får tilskott etter kor mange soningsplassar det er i fylket. Fylkeskommunar med oppfølgingsklasser, ungdomseining, Tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning (TAFU) og Narkotika-program med domstolskontroll (ND) sentra får øyremerkte tilskott til desse.

Den nye ordninga for tilskottsforvaltning vart gjeldande frå 1. januar 2019, så i 2018 måtte både skolane, FMVL og UDIR førebu denne endringa. Ordninga for 2019 er ei forenkling samanlikna med tidlegare ordning. UDIR betalar tilskotta etter kor mange soningsplassar det er i fylket.

Kriminalomsorga sine krav til sikkerheit og kontroll legg føringar for gjennomføring av opplæringa, men målet for tilskotsordninga er at opplæringa innanfor kriminalomsorga skal ha same kvalitet som opplæring utanfor murane og være i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningsliner. Målgruppa er innsette og lauslatne med behov for, og ønskje om, opplæring. Kandidatar med rett etter opplæringslova skal prioriterast.

Om lag 42 % av alle innsette tar del i opplæringa i fengsel. Vi veit òg frå fleire studiar at mange som etter opplæringslova har rett på opplæring ikkje tar del i opplæringa bak murane. Innsette med særleg store opplæringsbehov og komplekse livsutfordringar er diverre blant dei som ofte ikkje tar del. Fokus på å nå denne gruppa er difor heilt naudsynt.

I 2018 har FMVL arbeidd mykje med oppfølging av den tverretatlege strategien *Redusert tilbakefall til ny kriminalitet - Nasjonal strategi for samordnet tilbakeføring etter gjennomført straff 2017–2021*. Innsatte med til rett til ytingar treng og må kunne vente ein samordna innsats både innanfor og utanfor fengsla, og ikkje minst i overgangen frå fengsel til samfunn. Det er ei glippsone i overgangen mellom det ansvarlege utdanningsmyndigheit yter av innsats innanfor fengsla og det som ansvarlege utdanningsmyndigheiter yter for den same personen etter lauslating.

Internasjonal deltaking som verktøy for fagleg utvikling

I 2018 hadde FMVL fokus på ei kursending i måten vi løyser vårt oppdrag om å arbeide for fagleg og pedagogisk samarbeid i internasjonale nettverk. Vi ønskte å målrette vår bruk av internasjonale samarbeidsfora mot meir fagspesifikke og nettverksorienterte tiltak enn før. Dette i motsetnad til våre tidlegare bidrag til større, sjeldnare og breiare innretta møtepunkt (t.d. konferansar) for fengselsopplæring i Europa generelt og i Norden spesielt.

Dette betyr konkret at vi mellom anna har arbeidd for å leggje til rette for gode, tematiske nettverks- og prosjektprosessar i Norden, der nasjonale ressurspersonar innan nokre fagfelt har vorte henta inn for å representere fengselsundervisninga i Noreg. Desse er valt med tanke på at dei skal kunne fremje det nordiske arbeidet nasjonalt og særleg innanfor fagnettverka knytte til fengselsundervisning i Noreg. Fylkesmannen i Vestland koordinerer og deltar i nye, nordiske nettverk innanfor fagområda rettleiing for innsette, utvikling av IKT-bruk i fengselsundervisning, kompetanseutvikling for tilsette som arbeider med utsette vaksne målgrupper og for tilsette som arbeider med læring i arbeidsliv.

Vi har arbeidd målretta for at skoleavdelingane i fengsel skal få auka høve til bruk av internasjonale utdanningsprogram (Erasmus+, Nordplus mm) for fagleg utvikling og samarbeid. I 2018 tok vi initiativ til å skape den første nasjonale søkjergruppa i Noreg innan vaksenopplæringsfeltet i Erasmus pluss-programmet. Vi fekk innvilga programmidlar som no gjev våre 8-10 nasjonale fagnettverk for fengselslærarar høve til å sende faglærarar frå heile landet til skreddarsyddde, internasjonale kompetansehevingsopphald saman med faglærarar frå fengsel i andre fylke. Det har vore eit mål å få til dette utan stor administrativ byrde for dei einsskilde skoleavdelingane, som ofte er små. Vi har òg inkludert kriminalomsorga (fengselstilsette) i nokre av desse opphalda, med tanke på å styrkje samarbeidstilhøva kring dei innsette og deira opplæring.

1. Elevtal, elevmasse, utdanningsval

Tabell 1: Talet på elevar/deltakarar i oppfølgingsklasser og fengsel, gjeve i total tal og gjennomsnitt

	2017				2018			
	Heiltid		Deltid		Heiltid		Deltid	
	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt
Oppfølgingsklasser	135,5	55,0	459,0	110,3	83,5	28,1	416,0	120,6
Fengsel	1237,0	240,0	8730,0	1234,3	1141,0	228,9	7784,0	1175,8

Det er etablert opplæringstilbod for innsette i alle fengsla i Noreg. Det er oppfølgingsklasser ti stader i landet. Det er i tillegg opplæringsansvarlege i dei etablerte, tverretatlege kompetansesentra for Narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) to stader i landet og ved TAFU Rogaland (TAFU - Tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning).

Omlag 9 500 personar tok del i ein eller anna form for opplæring i 2018. Dette er noko lågare enn i 2017. I 2018 har det òg vorte fleire som tar opplæring på deltid. Ein faktor som kan spele inn er at profilen på innsette i norske fengsel er noko endra i løpet av dei siste åra. Ifølgje avdelingsleiarar kjem det no fleire innsette til skoleavdelinga som treng omfattande hjelp og som har meir samansette livsutfordringar. Ein av årsakene til dette er at fleire domfelte som er godt tilknytt arbeidsliv eller utdanning no får sone utanfor fengsel (t.d. soning med fotlenkje/elektronisk kontroll).

Oppfølgingsklassene som er etablerte for å lette overgangen etter lauslating tar imot om lag 5 % av dei lauslatne som har starta opplæring i fengsel. Det er eit behov for å gje eit slikt tilbod til fleire straffedømde etter avslutta soning, og Fylkesmannen i Vestland ser behov for å etablere fleire oppfølgingsklasser. Sjå meir om dette i avsnittet om oppfølgingsklasser.

Tabell 2: Talet på elevar/deltakarar i fengsel og oppfølgingsklasser gjeve i totale tal og gjennomsnitt, fordelt etter type opplæring

	2017				2018			
	Heiltid		Deltid		Heiltid		Deltid	
	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt
Grunnskule	34,0	3,0	126,0	70,6	13,0	2,6	137,0	44,8
Vidaregåande skule	670,0	223,3	3011,0	623,1	485,0	178,8	3274,0	677,8
Korte opplæringstilbod	526,5	31,0	2239,0	150,3	463,5	58,3	2864,0	277,4
Anna opplæring	142,0	16,1	3813,0	493,8	263,0	9,4	1925,0	293,0
Fagskule	41*	21,6	*	6,8	30*	8,1	*	3,5
Sum	1372,5	273,0	9189,0	1344,6	1224,5	257,0	8200,0	1296,4

*Total tal for Fagskule er ikkje differensiert etter heiltid/deltid. Tala er ikkje med i utrekninga av total tal på elevar

Når ein skal sjå nærare på tala for heil- og deltidsdeltaking, er det nyttig å vite kva omfang opplæringa har i desse kategoriane. Med unntak av vidaregåande, vil deltid tyde under 15 timer opplæring i veka, mens heiltid vil innebære opplæring 15 timar i veka eller meir.

Når det gjeld deltaking i opplæring på vidaregåande nivå rapporterer skolane på ein annan måte, i samsvar med forskrift til Opplæringslova. I kategorien heiltid skal skolane då rapportere inn elevar/deltakarar som er tatt inn til eit fullstendig utdanningsprogram på Vg1 eller eit fullstendig programområde på Vg2 eller Vg3. Deltidskategorien vil romme alle dei elevane/deltakarane på vidaregåande nivå som

ikkje tar del i eit slikt fullstendig program. Dette vil til dømes seie at innsette som følgjer eit utdannings-tilbod i dei seks faga som er naudsynte for å oppnå studiekompetanse (såkalla «six-pack»), vil verte registrerte som deltidsdeltakarar, sjølv om dei i praksis kan være full tid i opplæring.

I *Nasjonal kompetansepolitisk strategi (2017-2021)* sette regjeringa som mål å styrkje kompetansen for vaksne med svak tilknytning til arbeidslivet og å stimulere til auka bruk av arbeidslivet som arena for læring og kompetanseheving. Det er difor positivt at rapporteringa frå skolane viser at talet på yrkesretta kompetansegejvande kurs, inngåtte lærekontraktar, praksiskandidatar, fagprøver og lære-kandidatar er aukande.

Dei siste åra har det òg vore eit tettare samarbeid mellom skolane og arbeidsdrifta i fengsla om å utvikle og tilby kompetansegejvande yrkesretta opplæringsløp (ofte i kategorien «korte opplærings-tilbod»). Eit mål for dei kommande åra er at samarbeidet mellom skolen og arbeidsdrifta i fengsla vert vidareutvikla. Dette vil styrkje dokumentert yrkesretta kompetanse for innsette, og vil vere relevant for lønna arbeid utanfor murane. I oppfølginga av den tverrdepartementale strategien *Redusert tilbakefall til ny kriminalitet* er det eit pågåande arbeid mellom skole, kriminalomsorga, NAV og helse for å sikre at endå fleire innsette i arbeidsdrifta kvalifiserer seg til opplæring/arbeid etter soning.

Ein stor del av opplæringa i fengsel, skjer i kategoriane «korte opplæringstilbod» og «anna opplæring». «Korte opplæringstilbod» er utforma ut i frå kompetansemål i læreplanar. «Anna opplæring» er ofte utforma med mål om at opplæringa skal stimulere innsette til å ta fatt på ordinære opplæringsløp.

Skolane samarbeider med kriminalomsorga for å legge til rette for dei innsette som ønskjer å ta fatt på høgare utdanning.

Ole Johan Eikeland mfl. (2016) «Utdanning, arbeid, ønske og planar» gjev eit samla bilete av norske innsette over 18 år sin utdanningsbakgrunn, utdanningsaktivitet som innsett og deira utdannings-ønskjer. Rapporten viser mellom anna at:

- 8 % av alle innsette ikkje har fullført grunnopplæringa
- 49,4 % innsette og 26,9 % av innbyggjarane i Noreg har grunnskole som høgaste fullførde utdanning
- 63,4 % av alle innsette under 25 år har ikkje fullført treårig vidaregåande opplæring
- 59,7 % av alle innsette har rett til vidaregåande opplæring (dvs inkludert dei over 24 år som vil kunne få det om dei søker)
- 28,4 % innsette som er 24 år eller yngre har rett på opplæring, men held ikkje på med opplæring.
- 43 % av alle innsette tar opplæring i fengsel
- 11,6 % av alle innsette har ikkje hatt arbeid

Om ein skal nå fram til fleire av dei som har behov for utdanning, men som ikkje tar del i opplæring i fengsel, hevdar forskarane ved UiB at det er ei rekkje felt skolen – og kriminalomsorga – kan arbeide meir med. Dei listar opp samarbeid mellom etatar, IKT- og programvaretilhøve, variasjon i opplærings-tilbod, informasjon om opplæring, hjelp til dei med lære- og konsentrasjonsvanskar og betre utnytting av tida for dei med kort soningstid.

Tabell 3: Oversikt over innsette i fengsel si deltaking på opplæringstilbud 2018
(gjennomsnittstal gjennom året – prosentuert ut frå soningskapasitet)

Fylke	% Deltar ikkje	% Grunnskule	% VGO	% Korte opplærings-tilbud	% Anna opplæring	% Fagskule	Sonings-kapasitet
Alle	62,2	1,2	19,7	8,7	7,9	0,3	3715
Oslo	48,0	1,3	14,9	8,2	27,5	0,0	304
Akershus	64,2	5,4	20,6	5,0	4,7	0,0	474
Østfold	59,2	1,0	23,3	6,6	9,8	0,0	484
Hedmark	62,9	0,0	7,3	25,7	3,9	0,2	326
Oppland	38,8	0,0	41,3	8,2	10,2	1,5	49
Buskerud	73,5	0,0	16,1	6,5	3,8	0,1	240
Vestfold	71,2	1,3	17,3	7,4	2,0	0,7	379
Telemark	65,0	0,4	21,7	7,0	5,9	0,0	128
Aust-Agder	68,5	0,0	21,5	8,5	1,5	0,0	65
Vest-Agder	81,8	0,6	11,9	2,3	2,3	1,1	44
Rogaland	55,4	0,4	26,9	11,8	4,6	0,8	338
Hordaland	52,0	0,1	24,1	5,2	18,2	0,4	324
Sogn og Fjordane	45,5	0,0	24,4	16,7	13,5	0,0	39
Møre og Romsdal	62,1	2,0	16,4	10,6	8,3	0,6	87
Trøndelag	77,6	0,9	14,9	6,5	0,1	0,0	243
Nordland	70,4	0,0	21,5	1,6	6,5	0,0	93
Troms	41,9	0,0	44,1	8,1	5,9	0,0	59
Finnmark	84,6	0,0	13,5	1,9	0,0	0,0	39

* Tre variablar med varierende prosentueringsgrunnlag. Totaltalet innsette responderer fylkesvis.

Tabell 3 peikar på noko som særpregar opplæring i kriminalomsorga i Noreg: stor variasjon mellom fylka. I denne tabellen gjeld det kor stor del av dei innsette som tar del i opplæring (prosentuert etter soningskapasitet), og kva type opplæring dei tar del i. Ser ein til dømes på prosentdelen av innsette som ikkje tar opplæring, ligg denne på 62 % på landsbasis, mens variasjonane fylka imellom strekk seg frå om lag 39% til 85%. Når det gjeld innsette som tar vidaregåande opplæring, varierer dette frå 7 % til 44 %, med eit landssnitt på om lag 20 %. Nokre av desse tala – kanskje særleg ytterpunkta – kan skuldast feilrapportering, men det er ingen tvil om at variasjonen uansett er stor.

I tilstandsrapporten for 2016 sette vi lys på variasjonen mellom fylka. Vi diskuterte det faktum at variasjonen ikkje berre gjeld fylka imellom, men òg at det er vanleg med store variasjonar i same fylke frå år til år. Dette står likevel i kontrast til utviklinga frå år til år nasjonalt. Der ser vi at endringane i dei nasjonale snitt-tala for dei ulike opplæringskategoriane er små og varierer relativt lite. Det vert interessant å sjå på dette igjen når dei nye fylka har fått fungere ei stund.

2. Koordinerte tenester og samarbeid

Vi veit lite om det direkte tilhøvet mellom utdanning i fengsel og tilbakefall til ny kriminalitet etter lauslating. Terje Manger mfl. (2016) drøftar innsette sin motivasjon for å ta utdanning i fengsel og hinder for å ta slik utdanning. Noko forenkla kan vi seie at analysen viser at innsette har følgjande motivasjonsprofil: Dei har høg indre motivasjon for det dei held på med og høg ytre motivasjon når det gjeld det å auke kompetansen sin for å få arbeid og eit anna liv etter lauslating. Viktige hinder for å ta del i opplæring er eigne haldningar og kvaliteten på opplæringstilbodet. Dess lågare utdanning ein innsett har, dess oftare opplever han at vanskaner han har står i vegen for å kunne ta opplæring.

Bhuller mfl. (2018) analyserer ulike tilhøve som kan påverke tala for tilbakefall og arbeidsaktivitet i lønna arbeid etter lauslating i Noreg. Dei finn mellom anna at gruppa av innsette som ikkje var i lønna arbeid før fengsling, hadde større gevinst av tida i fengsel enn gruppa av innsette som var i lønna arbeid før innsetting. Dei peikar på at for den første gruppa har deltaking i opplæring og arbeidstrening i fengsel ein klar positiv effekt.

Opplæring/utdanning har sin viktige og meningsfulle plass i det naudsynte arbeidet for å hindre tilbakefall. Frå internasjonale studiar veit vi at satsing på opplæring under soning vil svare seg økonomisk om 3 – 4 % av de innsette ikkje gjennomfører ny kriminalitet.

Utdanningsnivået til innsette i norske fengsel kan samanliknast med utdanningsnivået til den norske gjennomsnittsbefolkninga for omlag 30 år tilbake i tid (Manger mfl.. 2013):

- 12 % har starta eller avslutta høgare utdanning
- 61,3 % har starta eller avslutta vidaregåande opplæring
- 26,6% har starta eller avslutta grunnskole

Blant fangebefolkninga er det òg stor variasjon med omsyn til tidlegare arbeidserfaring. Frå norske studiar veit vi at fråfallet frå vidaregåande opplæring er stort og kostar store summer (Senter for økonomiske studier AS). Vi kan gå ut frå at det er ein viss samanheng mellom fråfall frå vidaregåande opplæring og fangebefolkninga.

Fylkeskommunane har eit breitt utval av opplæringstilbod for innsette i norske fengsel. Dette tilbodet vert breiare og meir relevant yrkesretta når skoleeigar og skoleleiing arbeider langsiktig og strukturert for eit godt samarbeid med kriminalomsorga om opplæringstilboda.

Utdanning og opplæring er viktige element som må sjåast i samanheng med ei lang rekkje andre tilhøve som må vere på plass for og rundt den lauslatne: bustad, økonomi, sosialt nettverk, fritidstilbod og hjelp til å meistre rus- og helsevanskar.

Det finnes fleire eksempel på godt, lokalt samarbeid i mindre skala. Dei gode eksempla er der kor ein planleggjar med utgangspunkt i det tverretatte samarbeidet og styrkjer kommunikasjonen med den innsette, før, under og etter soning

- det må planleggjast tiltak under soning (til dømes ved ei individuell plan med ei plan for opplæring)
- tiltaka må følgjast opp når den innsette er lauslaten

I arbeidet med oppfølging etter lauslating må ein ta omsyn til at innsette er særskilte ulike og dette gjev ulike behov for oppfølging. Erfaringar frå tidlegare tiltak og forsøksarbeid viser at samordning av ansvarsetatar rundt den lauslatne gjev sterkare effekt enn når det er forventa at den lauslatne sjølv skal oppsøkje etatane (f. eks KIF-skolen, TAFU).

Det er klare politiske føringar nasjonalt når det gjeld både vaksenopplæring, kompetansepolitikk og etatssamarbeid mot tilbakefall. Desse føringane gjer det klart at fylkeskommunane og skolane i fengsel må fortsetje å auke innsatsen for samarbeid og samordning kring dei innsette og lauslatne.

TAFU, ND og oppfølgingsklasser er ulike døme på tiltak kor skoleverket samarbeider tett med andre, for betre lauslating og et stabilt liv utanfor murane. Vi vil difor presentere desse tiltaka nærare her.

Tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning (TAFU)

TAFU er ein samarbeidsmodell. Representantar for NAV, kriminalomsorga, kommunen og fylkeskommunen jobbar saman og samstundes i eit felles lokale der dei tilbyr hjelp til tidlegare straffedømde, og målet er å hindre tilbakefall til kriminalitet. Dette gjer ein ved at deltakarane skal finne arbeid eller arbeidspraksis, eller starte/fortsetje på utdanning. Målet er varig arbeid på sikt. TAFU Rogaland er partner på fleire arenaar kor tema er sektorovergripande samarbeid omkring opplæring ved tilbakeføring etter soning og ved soning i samfunnet .

TAFU er organisert kring to grunnleggjande idear; samtidig forvaltningssamarbeid og felles pedagogisk plattform (konsekvenspedagogikk). TAFU retter seg mot menn over 18 år, som normalt ville hatt høve til å få ordinere teneste hjå dei involverte samarbeidspartane. TAFU Rogaland, som var eit forsøksprosjekt, gjekk frå 2015 over i ordinær drift. Tiltaket har ei eige, lokal styringsgruppe samansett av ein representant frå kvar samarbeidande part.

TAFU er eit eksempel på eit godt fungerande samarbeid. Evalueringsrapporten til Arbeidsforskningsinstituttet viste at TAFU lønar seg målt i et samfunnsøkonomisk perspektiv. Evalueringsrapporten viser at måloppnåinga er god, i tyding at ein får deltakarane ut i arbeid og utdanning. Det er særst samfunnsøkonomisk nyttig når menneske kjem seg i arbeid eller får mindre behov for bistand. Det lønar seg òg vurdert ut frå ein normativt, medmenneskeleg ståstad.

Narkotikaprogram med domstolskontroll (ND)

Narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) er ein alternativ strafferettsleg reaksjon for narkotikaavhengige som har behov for rehabilitering. Føremålet med reaksjonen er å førebyggje ny kriminalitet og fremje rehabilitering gjennom samordning av hjelpe- og behandlingstilbod. Målgruppa for ND er rusmisbrukarar som er motiverte for å gjere noko med sine utfordringar. Alternativet til deltaking i ND er fengselsstraff utan vilkår.

ND er kjenneteikna av forvaltningssamarbeid basert på samordning og tilrettelegging for bruk av eksisterande hjelpetiltak i nærområdet til den domfelte. ND-teama i Bergen og Oslo er ressurscenter. I landet elles står friomsorga ansvarleg for å koordinere arbeidet med rehabilitering i den einskilde sak. Formålstenleg kontakt med lokale samarbeidspartnarar står sentralt i ordninga.

Mykje tyder på at utdanning, arbeid og bustad for denne målgruppa er vesentlege faktorar for å redusere tilbakefall til rus og kriminalitet. Skolegang, arbeidsdeltaking og arbeidstrening er difor viktige tiltak i ND. I ein oppfølgingsstudie (Falck 2014) av 115 av dei første klientane, ser ein at 80% av dei som gjekk på skole fullførte ND-programmet. Deltaking i skole kan difor reknast som ein viktig suksessfaktor i rehabiliteringsarbeidet.

Opplæring er òg ein faktor som aukar sjansen til å klare seg i eit moderne samfunn og til å klare å skape varige, sosiale relasjonar. Når det gjeld opplæringstilbodet i ND, er det formålstenleg med partnerskap mellom fylkeskommunane og friomsorgskontor. Dette er med tanke på etablering av samarbeid omkring kandidatar i ND som har rett til teneste og tilbod som fylkeskommunen har ansvar for. Eksempel er informasjon og rettleiing om utdanningsvegar, opplæring etter Opplæringslova og bistand ved realkompetansevurdering.

Fylkesmannen i Vestland og Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) arrangerte i 2018 ei erfaringsamling der tema var sektorovergrepande samarbeid omkring opplæring under tilbakeføring etter soning og ved soning i samfunnet. Ei slik samling vil òg verte arrangert i 2019. Planleggingsgruppa er ND-pedagogar, TAFU-pedagog, koordinator for oppfølgingsklassene, representant for friomsorga, representant for fylkeskommunekontaktane, KDI/ND og Fylkesmannen i Vestland.

Oppfølgingsklasser

Det er oppretta ti oppfølgingsklasser som ein del av tilbodet innanfor opplæring i kriminalomsorga. Disse er spreidd over ti ulike fylke og skoleeigarar. Fylkesmannen i Vestland arrangerer – i samarbeid med nasjonal fagkoordinator for oppfølgingsklassene – årlege samlingar for oppfølgingsklassene og TAFU. Rapportering viser at det årleg er omtrent 650 elevar / deltakarar som får opplæring i oppfølgingsklassene.

I Stortingsmelding nr. 27 (2004-2005) om opplæring innan kriminalomsorga «Enda en vår», er det formulert at oppfølgingsklassene skal ha som mål å *lette overgangen fra utdanning under straffegjennomføring til deltakelse i ordinær utdanning for en del innsatte*. I meldinga skildrar ein behovet for et godt tverretatleg samarbeid ved lauslating for å gje målretta hjelp til å fullføre utdanning. I *Nasjonal strategi for samordnet tilbakeføring etter gjennomført straff 2017 – 2021* går fem departement saman om ein felles strategi. Regjeringa sin visjon for dette arbeidet er eit kriminalitetsfritt liv for fleire. Eit systematisk arbeid for å hindre glippsoner vil bidra til at fleire kjem seg i utdanning eller arbeid etter gjennomført straff, noko som igjen vil redusere tilbakefall til kriminalitet og betre integreringa.

Oppfølgingsklassene er eit tilbod som gjennom tverretatleg samarbeid tettar glippsona mellom fengsel og samfunn. Eit anna viktig formål med oppfølgingsklassene er at deira tilbod om utdanning hindrar at lauslatne fell utanfor samfunnet. Oppfølgingsklassane bidreg positivt som eit verkemiddel i kriminalomsorga ved at ulike fangegrupper kan få eit opplæringstilbod òg utanfor fengsel. Det er viktig å ha opplæringsarenaar som bidreg til å lette overgangen frå utdanning under straffegjennomføring til deltaking i ordinær utdanning, men òg for å møte dei behov ein auke i straffegjennomføring utanfor murane gjev. Oppfølgingsklassene sine tilbod står opp under dette formålet.

Tilbodet er ikkje etablert i alle fylkeskommunar/regionar. Blant lauslatne som har starta opplæring i fengsel, vil det for mange ikkje vere høve til å fullføre denne opplæringa i ei oppfølgingsklasse, dette avheng i stor grad av bustadsfylke. Om ein skal syte for rettslikskap for lauslatne, må ein difor opprette oppfølgingsklasser i nye geografiske område.

3. Opplæring innan kriminalomsorga i tida som kjem

Tida som kjem vil verte prega av omfattande, strukturelle endringar innan fylkeskommunane, men òg innan opplæringsfeltet generelt. Dette gjeld både samanslåing av fylkeskommunar frå 1.1.2020, men òg innføring av nye læreplanar under fagforyninga.

Dei nye fylkeskommunane kan og bør spele ei nøkkelrolle i å leggje til rette for at skolane aukar og styrkjer sin innsats i det tverretatlege samarbeidet for menneske med store livsutfordringar, både under og etter soning. Behovet for erfaringsdeling mellom skolar og mellom fylke er enno stort, og Fylkesmannen i Vestland vil intensivere arbeidet for å leggje til rette for dette.

Samarbeid *innan* opplæringsfeltet vil òg være sentralt for å nå dei innsette med aller størst opplæringsbehov. Her vil det vere avgjerande at dei nye fylkeskommunane i auka grad legg til rette og er pådrivarar. Ein del skolar vil ha behov for å styrkje sin kompetanse på pedagogiske metodar og læremiddel for vaksne med særleg store lærevanskar. For mange skolar vil det vere nyttig og naudsynt å knyte nærare band til vaksenopplæringa og pedagogisk-psykologiske teneste (PPT).

Nasjonalt kan skolane òg vere medvitne om å bruke dei nasjonale samarbeidsarenaene for opplæring innan kriminalomsorga. Gjennom deltaking i nasjonale fagnettverk, nasjonale fagsamlingar og internasjonale prosjekt kan skolane auke dei tilsette sin kompetanse om pedagogisk arbeid ved store og samansette lærevanskar.

Tilgang til naudsynte, pedagogiske hjelpemiddel og særleg tilrettelagt, pedagogisk programvare er avgjerande viss skolane skal kunne gje eit forsvarleg opplæringstilbod til innsette med store lærevanskar. Hordaland (snart: Vestland) fylkeskommune representerer alle fylkeskommunane i arbeidet med å utvikle innhaldet i den nasjonale IKT-systemet for pedagogisk bruk i fengsla; DFS (Desktop for skolen).

Saman med Fylkesmannen i Vestland vil kommande Vestland fylkeskommune ha ein lang veg å gå før ein kan konkludere med at DFS fungerer tilfredsstillande som pedagogisk verktøy for fengsels-skolane. Det er avgjerande å halde fram arbeidet – i samarbeid med Kriminalomsorgsdirektoratet – for å få DFS og drifta av DFS opp på eit nivå som lar skolane jobbe med opplæringa i samsvar med læreplanverket og fagforyninga. Det er eit tydeleg signal at det i statsbudsjettet for 2020 er foreslått ei ekstrabevilling på om lag 7,8 millionar, øyremerkte vidare utvikling av DFS.

Fagforyninga vil tvinge skolane til å samarbeide tett for å finne gode, forsvarlege løysingar på dei nye utfordringane der det vert stilt større krav til fleksibilitet, digitale løysingar og nytenking. Eit overordna mål må vere at opplæringstilbodet innanfor murane skal kunne mållast og sidestillast med opplæringstilbod utanfor murane. Kort sagt: i samsvar med lov og regelverk.

Nokre resultat frå det tverrfaglege og tverretatlege arbeidet med «*Nasjonal strategi for samordnet tilbakeføring etter gjennomført straff 2017 – 2021*» er allereie synlege, mellom anna i form av betre samarbeidsrutinar i fleire fengsel. Nasjonalt ser Fylkesmannen i Vestland at etatane seg i mellom gradvis får betre kjennskap til kvarandre, og at ein då får innsikt i moglege samarbeidsfelt. Det er viktig at opplæringssektoren framover er medvitne medspelarar og pådrivarar i dette arbeidet.

Litteraturreferanse:

Bhuller, Manudeep & Dahl, Gordon B. & Løken, Katrine V. & Mogstad, Magne, 2016. "Incarceration, recidivism and employment," Working Papers in Economics 07/16, University of Bergen, Department of Economics.

St.meld. nr. 27 (2004-2005) Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen

Falck Sturla, 2014. «Narkotikaprogram med domstolskontroll - en oppfølgingsstudie av 115 av de første klientene», Sirius rapport 4/2014, Oslo

Eikeland, O.J., Manger, T. & Asbjørnsen, A.E. ,2016. «Norske innsette: Utdanning, arbeid, ønske og planar.» Rapport nr 2/2016. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.

Manger, T, Eikeland, O.J. & Asbjørnsen, A.E. 2016. «Norske innsette: Utdanningsmotivasjon og hinder for utdanning i fengsel.» Rapport nr 1/2016. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.

St.meld. nr. 37 (2007-2008): Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn (kriminalomsorgsmelding)



Statens hus
Utdannings- og verjemålsavdelinga

Besøksadresse
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse
Postboksjen 2,6863 Leikanger

Telefon: 57 64 30 00

Epost
fmulpost@fylkesmannen.no

Internett
www.fylkesmannen.no/vestland
www.oppikrim.no